



Høyringsforslag – Forskrift om skuleskyss for grunnskulen i Ulstein kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Ulstein kommune 27. juni 2024 med heimel lov § 4 –1 i opplæringslova.

§ 1 Målsetjing

Formålet med forskrifta er gjere tilhøva for innbyggjarane i kommunen forutsigbare når det gjeld rett til skuleskyss, samt å sikre lik handsaming av søknader om skuleskyss.

§ 2 Virkeområde

Forskrifta omfattar alle grunnskulane i Ulstein kommune.

§ 3 Utdrag frå opplæringslova § 4-1

Elevar på 1.trinn har rett til gratis skyss dersom dei bur meir enn to kilometer frå skolen. Elevar på 2. til 10.trinn har rett til gratis skyss dersom dei bur meir enn fire kilometer frå skolen.

Elevar har rett til gratis skyss dersom ein del av vegen er særleg farleg eller vanskeleg.

Elevar som treng skyss på grunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom, har rett til gratis skyss til og frå skolen og skolefritidsordninga. Retten til skyss til og frå skolefritidsordninga gjeld ikkje i skoleferiane.

Elevar som har fleire heimar, har rett til skyss til og frå kvar heim som oppfyller vilkåra for rett til skyss

§ 4 Lang skuleveg

Alle elevar i grunnskulen som bur meir enn fire kilometer fra skulen har rett til gratis skuleskyss. Førsteklassingar har rett til gratis skuleskyss dersom det er meir enn to kilometer til skulen. Retten til skyss fell vekk dersom ein søker og får innvilga skulegang ved annan skule enn nærskulen ved anna grunngjeving enn samanheng med retten til opplæring. Dette gjeld uavhengig av om eleven hadde hatt rett til skyss til nærskulen. Skuleveg er rekna får



dør til dør etter farande veg. Elevar som har lang skuleveg har ikkje rett til skyss til og frå SFO eller leksehjelp, men vil ha rett til skyss dei dagane dei ikkje nyttar seg av eit slikt tilbod.

§ 5 Nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom

Elevar som har nedsett funksjonsevne eller har en kronisk sjukdom kan ha rett til skuleskyss. Skulen sender søknad til Fylkeskommunen. Legeattest vert lagt ved.

Elevar som har en tidsavgrensa skade kan ha behov for transport i ein periode slik at dei kjem seg til skulen. Skolen bestiller skyss hos Fylkeskommunen. Legeattest vert lagt ved.

§ 6 Delt bustad

Elevar som har delt bustad kan ha rett til skuleskyss dersom ein eller begge adressene ligg utanfor skyssgrensa to/fire km. For å ha rett til fri skyss, må opphald hos kvar av dei føresette vere ei rimeleg fast, planlagt og regelmessig ordning – med tilnærma 50/50 fordeling. Ei vurdering av akseptabel reisetid og forsvarleg skyss vil ligge til grunn for ein ev søknad om slik skyss til Fylkeskommunen.

§ 7 Skyss til annan skule enn nærskulen

Dersom eleven går på skule i ein annan krins enn nærskulen, vil retten til gratis skyss falle bort uansett veglengd – om slik skulegang er innvilga av andre årsaker enn samanheng med retten til opplæring (sosiale, medisinske eller pedagogiske årsaker)

§ 8 Særleg farleg skuleveg

Dersom skulevegen er særleg farleg eller vanskeleg, kan eleven ha rett til gratis skyss uansett lenge.

Ulstein kommune har i vedtak 29.11.2018 presisert kva strekningar som har og som kan vurderast som særleg farleg skuleveg:

1. For skuleveg i Ulstein kommune, der avstanden er under skyssgrensa på to/fire kilometer til skulen er det ikkje vegstrekningar som er 'Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg' på generelt grunnlag.
2. Unntak frå pkt. 1 gjeld fylkesveg 25 Fløvegen i området frå Gåsneset til brua over Ulsteinelva, der elevar ved Ulstein skule kan etter individuell vurdering ha rett til skuleskyss.
3. Unntak frå pkt.1 gjeld fylkesveg 26 Dimnøyvegen i området frå Skjerva og til Hasund skule, der elevar etter individuell vurdering kan ha rett på skuleskyss.



ULSTEIN KOMMUNE

4. Unntak frå pkt. 1 gjeld fylkesveg 26 Dimnøyvegen frå Ertesvåg til Kjerringneset, der elevar som må passere gjennom dette området kan etter individuell vurdering ha rett på skuleskyss.
5. Unntak frå pkt. 1 gjeld fylkesveg 61 og fylkesveg 653 for elevar til Haddal skule som bur på strekninga Kvalneset – Garnes og som må passere Haddalura. Elevane her har rett på skuleskyss.
6. Unntak frå pkt. 1 gjeld fylkesveg 61 Kvalnesvegen ved kryssinga frå busetnad på sør-austsida av fylkesvegen til Garsholvegen – kommunal veg. Elevar til Hasund skule frå 2. til 7. klasse kan etter individuell vurdering ha rett på skuleskyss.
7. Unntak frå pkt. 1 gjeld fylkesveg 61 Garnesvegen/Myrvågvegen der elevar frå Ulstein kommune som går ved Møre barne- og ungdomsskule og som må passere Dragsundbrua har rett på skuleskyss.

I vurdering av særleg farleg skuleveg skal det gjerast ei objektiv vurdering av relevante tilhøve ved vegen og trafikktilhøva. Vidare skal det gjerast ei subjektiv vurdering om den einskilde eleven har føresetnader for å ta seg forsvarleg fram i den aktuelle trafikksituasjonen – herunder barnet sin alder, utvikling, syn og høyrsel. Overordna vil hensynet til barnet sitt beste telje med i ei slik vurdering.

§ 9 Skyss til privatskular

Rett til skyss for elevar i privatskular er tilsvarande retten i offentlege skular, med unntak av at retten gjeld berre innafor kommunen. For elevar ved Møre barne- og ungdomsskule vil likevel rett til fri skyss gjelde grunna særleg farleg skuleveg, pkt 7.

§ 10 Skyss for vaksne i grunnskuleopplæring

Vaksne med rett til grunnskuleopplæring har rett til fri skyss dersom det er meir enn fire kilometer til skulen. Vaksne har også rett til skyss ved tilrettelagt skyss og viss skulevegen er særleg farleg eller vanskeleg. Vaksne som deltek i vidaregåande opplæring etter opplæringslova kap. 18-3 har ikkje rett til skyss.

§ 11 Skyss for barn under opplæringspliktig alder

Barn under opplæringspliktig alder som mottek individuelt tilrettelagt opplæring eller teiknspråkopplæring vil ha rett til gratis skyss dersom det er nødvendig for at barnet skal kunne ta imot hjelp og hjelpa ikkje vert gitt i barnehagen som dei føresette sjølve har valgt. Retten vil også gjelde reisefølge og tilsyn.

§ 12 Sakshandsaming

Søknadsskjema om skuleskyss vert lasta ned frå kommunen sine heimesider, og skal leverast skulen med eventuelle vedlegg. Søknad om fri skyss grunna særleg farleg skuleveg vert



ULSTEIN KOMMUNE

handsama av dei einskilde skulen v/rektor. Skulen melder elevar som har rett til fri skyss til skuleskyss-portalen til Fylkeskommunen.

Vedtak om rett til skuleskyss er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova §2. Oppmelding til skuleskyss hos Fylkeskommunen gjeld som enkeltvedtak for einskild-elevar med lang skuleveg, med tilrettelagt skyss og delt bustad. Skulen fattar enkeltvedtak ved søknad om fri skyss grunna særleg farleg skuleveg.

Vedtak om skuleskyss kan påklagast etter forvaltningslova, og rettast til den som har fatta vedtaket.

§ 13 Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2024.